



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgave

BACH301-OST-2023-VÅR-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato:	11-05-2023 09:00 CEST	Termin:	2023 VÅR
Sluttdato:	25-05-2023 14:00 CEST	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave - Stord		
Flowkode:	203 BACH301 1 OST 2023 VÅR		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.:	307
--------------	-----

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	9115
---------------	------

Egenerklæring *:
Jeg bekrefter at jeg har Ja
registrert
oppgavetittelen på
norsk og engelsk i
StudentWeb og vet at
denne vil stå på
uitnemålet mitt *:

Gruppe

Gruppenavn:	(Anonymisert)
Gruppenummer:	13
Andre medlemmer i gruppen:	446

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei



BACHELOROPPGÅVE

«Ein stor boks vi kan setje alle i»

Ein studie om profesjonsutdanna barnehagelærarar sine ynskjer for arbeid med
mangfald i barnehagen.

«A big box for everyone»


A study focused around pedagogical practices in kindergarten linked to the scope of
diversity.

Ida Storhaug Fotland og Line Meinert Odland

Barnehagelærarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Stord

Rettleiar: Marit Frimannslund

25.05.2023



«Blir man ikke sett, er man ingenting»
CC Cowboys

Familie [Bilde]

Forord

Etter tre år som (pandemi)studentar sit vi att med mykje kunnskap, forståing, erfaring og ikkje minst gode vener og allierte i profesjonsfellesskapen. Dei to første åra var prega av ein haug med breakoutrooms og undervisning frå senga, men heldigvis har vi hatt unike faglærarar med godt mot og optimisme som har fylt hovuda, hjarta og grunnsynet vårt. Det siste året har vi hatt mogleik til å bli kjend med kvarandre på ein anna måte, og at vi to skulle ende med å skrive bachelor saman, har vore ein fin og avsluttande prosess på barnehagelærarstudiet. Vi fall fort for val av tema for studien då vi begge tykkjer mangfald er spanande og rommar mykje, men ikkje naudsynlegvis har plass til alle. Heldige som vi var, fekk vi Marit Frimannslund som rettleiar i denne prosessen. Du har sett oss frå fyrste dag, og tatt deg tid til spanande refleksjonar, rettleiing, samtalar og harde (men gode) tilbakemeldingar. Takk! Vi ynskjer også å takke CC Cowboys for gode songtekstar. Desse har inspirert oss i arbeidet. Til informantane våre - vi anerkjenner at barnehagekvardagen er travel og er takksame for at de har sett av dyrebar tid til å bli med i denne studien og for refleksjonane de har delt med oss. Til slutt ynskjer vi å takke mammaene våre for god støtte på vegen.

Samandrag

I denne studien har vi fokus på barnehagen sine pedagogiske praksisar og ser på korleis det vert arbeida med mangfald og kva ynskjer som finns for dette. Vi nyttar kvalitativ forskingsmetode og semistrukturert fokusgruppeintervju, og har saman med to profesjonsutdanna barnehagelærarar sett på kva tankar dei har kring mangfald og korleis dei arbeider og ynskjer å arbeide med mangfald i barnehagen. Som resultat sit vi att med tre funn som vert drøfta i lys av teori og forsking som er relevant for studien.

Abstract

This study is focused around pedagogical practices in kindergarten linked to the scope of diversity. By the use of qualitative research methods and semi-structured focus group interviews, together with two professionally trained kindergarten teachers, we are looking at what thoughts they have about diversity and how they work and wish to work with diversity in kindergarten. As a result, we are left with three findings that are discussed in the light of theory and research that is relevant to our study.

Innholdsfortegnelse

1.0 Innleiing	1
1.1 Før-forståing.....	1
1.2 Styringsdokument	2
1.3 Problemstilling	2
2.0 Kunnskapsgrunnlaget	3
2.2 Familiemangfald og foreldresamarbeid	3
2.3 Ulikheit og fellesskap	5
2.4 Kunnskap og dugleikar	5
2.5 Normalitet.....	8
3.0 Metode	9
3.1 Semistrukturert fokusgruppeintervju.....	9
3.1.1 Informantar	10
3.1.2 Gjennomføring av fokusgruppeintervju.....	11
3.1.3 Gjennomføring av analyse	11
3.2 Gyldighet og pålitelighet.....	12
3.3 Forskingsetikk.....	12
4.0 Presentasjon av data og drøfting.....	13
4.1 Ein stor boks vi kan setje alle i	13
4.1.2 Normalitetsrommet	14
4.2 Å vere på bølgjelengd - forståing føl med.....	16
4.2.1 Haldningar og handlingar	17
4.3 Mangfoldig mangfald, og at mangfald blir normaliteten	19
4.3.1 Foreldresamarbeid i eit mangfaldsperspektiv	19
5.0 Avslutning	22
6.0 Litteraturliste	24
Vedlegg 1	25
Vedlegg 2.....	26

1.0 Innleiing

«Eg vert alltid så letta når hausten kjem og eg ser at eg har fått ei homogen barnegruppe. Det er «enklare» og meir komfortabelt for personalet å danne born inn i majoriteten enn for personalet å gå utanfor komfortsona si for å tilpasse seg minoriteten». Denne fråsegna var blant det fyrste som møtte oss i praksisfeltet og det som vakkja interessa vår for korleis barnehagar arbeider med mangfaldige barnegrupper. At somme pedagogar tilsynelatande pustar letta ut av tanken på å sleppe å høve seg til mangfold, og byggjer pedagogisk praksis på det som er kjend for dei, har danna grunnlaget for arbeidet med denne studien og gjort at vi vil tilegne oss meir kunnskap om mangfold. Slik håpar vi, som framtidige profesjonsutøvarar, å møte mangfold med eit ressursorientert syn og ei inkluderande tilnærming.

I det fyrste kapittelet av studien gjer vi greie for val av tema og går inn på før-forståinga vår, før vi forklarar problemstillinga og synleggjer kva styringsdokumenta stadfestar om mangfold i barnehagen. I det andre kapittelet skriv vi fram den forskinga og teorien som har danna utgangspunktet for kunnskapsgrunnlaget, og som er knytt opp til funn, analyse, refleksjonar og drøfting. I kapittel tre kjem vi inn på kva metode vi har valt å nytte i studien, og i det fjerde kapittelet forklarar vi funn, analyse og drøfting. Til slutt reflekterer vi kring prosessen med studien.

1.1 Før-forståing

Observasjonar, erfaringar og samtalar vi har hatt i og utanfor klasserommet, har resultert i at vi sit att med ei oppleveling av at fleirkulturelt og etnisk mangfold har fått fotfeste i profesjonen, medan øvrige former for mangfold kjem i andre rekkje. Mangfold er omdiskutert blant oss studentar og vi tykkjer det er eit spanande tema fordi vi opplever at det rommar mykje men at det kanskje ikkje er plass til alle. Det finns eit breitt spekter av ulike meininger og oppfatningar knytt til mangfold, og ein kan oppleve å få ulike svar kvar einaste gong ein stiller spørsmål ved det. Det er interessant å observere og samtale om korleis ulike pedagogar arbeider med temaet, kva ynskjer dei har og kor langt dei strekk seg for å få til ei inkluderande tilnærming. Det fortel noko om kva mogleikar born i barnehagen får til å utvikle seg og korleis dei vert møtt, støtta og styrkja i identitetsskipinga si. Det speglar også samfunnet dei veks opp i, og vi opplever at det fargar grunnsynet vårt i ulike nyansar.

Utgangspunktet for val av tema er nettopp denne undringa og eit ynskje om å få innblikk i korleis barnehagelærarar forstår mangfald og kva ynskjer dei har for mangfaldsarbeid på avdelingane i barnehagen. I starten av prosessen var vi i stor grad påverka av våre eigne oppfatningar av dette arbeidet og opplevingar av at mangfaldsarbeid, pensum, undervisning og forsking ofte vert kopla til religion og kultur. Dette har ført til at vi har rokka ved diskursar der vi har opplevd desse som fastlåst, samtala med pedagogar i barnehagefeltet og faglærarar i utdanninga, og undersøkt kva som finns av litteratur og forsking knytt til temaet.

1.2 Styringsdokument

Ifølgje Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (2017) er barnehagepersonalet plikta å samarbeide med heimen og å vareta foreldra sin rett til medverknad. Dette samarbeidet skal alltid ha born sitt beste som mål, og krev eit kollektivt ansvar frå personalet si side for at borna skal utvikle seg og trivast (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29). Rammeplanen stadfestar at personalet skal arbeide med ulike fagområde og blant anna inkludere mangfald, gjensidig respekt, likeverd og etikk i barnehagekvardagen. Dette er relevant for profesjonen og barnehagefeltet fordi det gjev born ei forståing for livsverda og levesettet til andre menneske, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi og ei interesse for mangfaldet for mangfaldet i samfunnet. Av same grunn, og fordi det forklarar viktigheita av arbeid med mangfald i barnehagen, er det også relevant for problemstillinga vår. For å fremje mangfaldsarbeid i barnehagen og på best mogleg vis kunne formidle og fremje likestilling og likeverd, må personalet reflektere over eigne haldningar og ha god dialog med heimen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9-54). Barnehagen skal også styrke, støtte og følgje opp borna ut i frå dei individuelle og kulturelle føresetnadane, og bruke mangfald som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9). Det vi finn særleg relevant for denne studien er innhaldet i rammeplanen som utdjupar at barnehagen skal synleggjermangfaldige familieformer og sørge for at alle born får spegla sin familie i barnehagen. Barnehagen skal også gjere sitt for å anerkjenne born for den dei er og synleggjere den einskilde sin verdi og plass i fellesskapen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9).

1.3 Problemstilling

Med utgangspunkt i vår nyfikne for mangfaldstemaet, har vi valt ei problemstilling som trekk merksemda mot barnehagepersonalet si mangfaldsforståing og deira arbeid med mangfald i barnehagekvardagen. Studien er retta mot profesjonsutdanna barnehagelærarar, deira

refleksjonar, haldningar og handlingar kring mangfald og kva veg profesjonen dreiar seg. På bakgrunn av dette, er problemstillinga vår:

Kva ynskjer har barnehagelærarar for arbeid med mangfald i barnehagen?

2.0 Kunnskapsgrunnlaget

I dette kapittelet gjer vi greie for teoriane og forskinga vi støttar oss til i arbeidet med denne studien av arbeidsmåtar med mangfald blant profesjonsutdanna barnehagelærarar. Vi tek også utgangspunkt i observasjonar, erfaringar og samtalar vi har hatt i og utanfor klasserommet, som har resultert i ei oppleving av kva type mangfald som har fått fotfeste i profesjonen. Vi opplever at familiemangfald, kjønn og familiestrukturar har eit litt mindre fokus enn fleirkulturelt og etnisk mangfald. Gjennom arbeidet med denne studien har vi difor gått breitt ut og vore innom teori og forsking knytt til fleirkulturelt og etnisk mangfald, samt den som rettar seg mot familiemangfald, anerkjenning, inkludering og normalisering. På bakgrunn av at forsking på foreldresamarbeid, haldningar, handlingar og mangfald som utvida omgrep står fram som relevant for problemstillinga vår, har vi også valt å inkludere dette i kapittelet.

Det vil i denne studien vere naudsynt å sjå på forståinga for mangfald fordi det er relevant for problemstillinga vår. Vi anerkjenner og høver oss til den mangfaldsforståinga som allereie eksisterer i barnehagane, men opplever at den sentrerer seg kring det fleirkulturelle, fleirspråklege og etniske perspektivet. For å tydeleggjere at vi i denne studien tenkjer utanfor det som er gjengs for mangfaldsforståinga, har vi valt å kople "ynskjer for arbeid" til problemstillinga. På denne måten håpar vi å synleggjere at det finns fleire ulike typar mangfald i barnehagen – som trass alt speglar samfunnet – og at desse bør bli anerkjent, representert og synleggjort på avdelinga eller basen i barnehagen.

2.2 Familiemangfald og foreldresamarbeid

For å kunne svare på og forsvere vår problemstilling vil det vere naudsynt å sjå nærmare på kva Monica Bjerklund er forskergruppeleiar innan helse, utdanning, velferd og også seinorforskar og dosent i spesialpedagogikk. Vi ser på kva Monica Bjerklund skriv i Familiemangfold og profesjonsutøvelse i barnehagen (2022) og i artikkelen Speiling og synliggjøring av familiemangfold i barnehagen (2021), fordi det kan bidra til å utvide synet og forståinga profesjonsutdanna barnehagelærarar har på mangfald. Knyt opp til Bjerklund si forsking, vil det også vera relevant å sjå kva Vibeke Glaser (2018) skriv om foreldresamarbeid.

Bjerklund (2021) har tidlegare forska på einslege kvinner som har fått born ved donorassistert fræving og definert eiga familieform, korleis dei posisjonerer seg i høve andre familiar og på kva måte dei ynskjer at barnehagen skal spegle og synleggjere deira familieform. I arbeidet med studien vår, støttar vi oss til det Bjerklund skriv om familiemangfald, og at det trengs eit skifte frå normaliserande diskursar om kjernefamilien og fastlåste, strukturelle definisjonar basert på genetisk slektskap (2021, s. 146). Resultatet av forskinga viser at deltakarane oppfatta eigen familie som naturleg og normal, og at dei færreste ynskja at deira familie skulle representere noko spesielt, eller få særleg fokus. Mødrene ville heller at barnehagen skulle fokusera på variasjonane og mangfaldet i familieformer generelt (Bjerklund, 2021, s. 149).

Bjerklund (2022) skriv også om ulike tema knytt til foreldresamarbeid i eit mangfaldig miljø, og forklarar at foreldregrupper som regel er mangfaldig samansett. Vidare skriv ho om korleis foreldra møter barnehagen med ulike føresetnadar, behov, verdisyn og ulik økonomisk, kulturell og religiøs tilhøyrslle. Dette har samanheng med kva mogleikar dei har til å påverke det som skjer i barnehagen. Bjerklund meiner at det som profesjonsutøvarar vert forventa at ein møter foreldre og føresette med openheit og at ein har ansvar for å synleggjere, verdsette og fremje mangfald og gjensidig respekt. Ho utdjupar at dette krev dobbel bevisstgjering frå personalet si side og påpeikar at dei både støttar og utfordrar foreldra i deira rolle i nye miljø (Bjerklund, 2022, s.102 og 109).

Vibeke Glaser, dosent i pedagogikk, skriv også om foreldresamarbeid og har hatt det som fokus i sine studiar i over 20 år. Ho forklarar at godt samarbeid med foreldre bidreg til å styrke born sin trivnad, utvikling leik og læring (2018, s. 13). Ifølgje Glaser inneber ressursorientering at ein er tolerant, ikkje-dømmande, sensitiv og empatisk, men at den ikkje må bli så generøs at ein som fagperson og rettleiar snakkar foreldra etter munnen og gløymer å yte den hjelpa som eigentleg trengs for å kome vidare (2018, s. 105). Vidare skriv ho om viktigheita av barnehagelæraren som støttespelar i spegling av samfunnet og anerkjenning av foreldra, men også gjennom å utfordre deira oppsedingsverdiar og praksis (Glaser, 2018, s. 17). Glaser meiner at foreldra representerer mangfaldet i barnehagen, og at ulikheiter kjem til syne i både alder, kjønn, verdiar, nasjonalitet og kulturell klasse. Barnehagen skal vere romsleg samtidig som den er samlande kring felles verdisett knytt til styringsdokumenta (Glaser, 2018, s. 18), og det er viktig å arbeide tett på foreldra fordi born si utvikling i stor grad er knytt til foreldra sin trivnad og tillit til barnehagen (Glaser, 2018, s. 19).

2.3 Ulikheit og fellesskap

I samanheng med familiemangfald og foreldresamarbeid, og av relevans for problemstillinga i studien, vil vi sjå på Sigrun Sand (2016), som tidlegare dosent i pedagogikk, skriv i si forsking om ulikheit og fellesskap. Sand skriv også om familiemangfald, tilnærming til og samarbeid med foreldre, samt dei pedagogiske utfordringane og mogleikane fellesskap og ulikheit skapar for barnehagelæraren. Sistnemnde krev eit fagleg og etisk forankra utgangspunkt for pedagogiske praksisar. Sand meiner det er viktig at foreldra vert involvert i barnehagen sine aktivitetar i så stor grad som mogleg, blant anna for at barnehagelæraren skal kunne ta i bruk borna sin heimekultur og morsmål. Dette for å syne respekt for familien sine verdiar, omsorgspraksis og oppsedingsmål (2016, s. 82).

Vidare skriv Sand om ressursorientert og problemorientert tilnærming til foreldra, og utdjupar at ei ressursorientert tilnærming til foreldresamarbeid inneber at personalet ser på foreldra som ein ressurs for borna sine. Personalet kan søkje etter ressursar hjå foreldra framfor å fokusere på problem og vanskar ved samarbeidet, og styrke dei i foreldrerolla slik at dei opplever barnehagen som ein ressurs både for born og for seg sjølv (Sand, 2016, s. 105). Sand går også inn på skilnadane mellom desse tilnærmingane, og utdjupar på den andre sida at den problemorienterte varianten inneber det motsette. I ei slik tilnærming møter personalet foreldra med ei forventning om at samarbeidet er vanskeleg og at dei i liten grad meistrar foreldreoppgåva. Ho forklarar at foreldra i lys av dette vert oppfatta som ressurssvake og lite interesserte i borna sine, og at ein tenkjer dei har lite å bidra med inn i samarbeidet med barnehagen. Ei vinkling frå Sand, som vi meiner er aktuell for korleis vi opplever samfunnet i dag, og som kjenneteiknar problemorienterte tilnærmingar, er barnehagepersonalet sitt syn på at minoritetsspråklege foreldre manglar majoritetskulturell kompetanse. Det kan problematisere samarbeidet at manglar hjå foreldra vert rekna som problematisk snarare enn personalet sin mangelfulle samarbeidskompetanse (2016, s. 106). Samstundes skriv ho fram at majoritetsspråklege foreldre kan bli opplevd som vanskelege fordi dei er kritiske og stiller høge krav (Sand, 2016, s. 82).

2.4 Kunnskap og dugleikar

Saman med familiemangfald, foreldresamarbeid, ulikheiter og fellesskap, vil haldningar, handlingar, kunnskap og dugleikar vere aktuelt for denne studien, som ein nøkkel til arbeid med mangfald i barnehagen. Marit Gjervan som seniorrådgjevar, Camilla Eline Andersen som professor og Målfrid Bleka som rådgjevar (2006) skriv at mangfaldet i befolkninga set sitt preg

på barnehagane rundt omkring i Noreg, og at det i dei aller fleste kommunane finns innbyggjarar av både minoritets- og majoritetsbakgrunn. Forskinga til henholdsvis sosiolog og førsteamuanensis Mari & Pettersvold & pedagogikkprofessor Solveig Østrem, og universitetslektor i pedagogikk Bernt Andreas Hennum & Solveig Østrem vert også vurdert som relevant for studien på bakgrunn av det dei forklarar om profesjonell uro, dømmekraft og etikk. Av same grunn er dr. polit. i sosialantropologi, Hilde Lidén si forsking aktuell.

Gjervan et al. (2006) skriv at den fleirkulturelle barnehagen handlar om å ta konsekvensen av det mangfaldet som eksisterer blant born og vaksne i barnehagen. Dette handlar om at barnehagepersonalet må kunne meistre det mangfaldet dei til ei kvar tid møter, og at det er haldningane, kunnskapane og erfaringane deira som gjer at dei meistrar dette (Gjervan et al., 2006, s. 73). Vidare vert det forklart at personalet sine evner og vilje til å fornye og tilpasse pedagogiske praksisar til fleirkulturelle kvardagar er avgjerande for om barnehagen klarar å imøtekome born og foreldre sine behov og føresetnadar. Det vert peika på at haldingane våre i relasjonar til andre menneske i stor grad kjem til syne gjennom nonverbal kommunikasjon, og stilt spørsmål ved korleis barnehagepersonalet kommuniserer openheit, inkludering, anerkjenning og omtanke gjennom blikk, ansiktsuttrykk og kroppsspråk i barnehagen. Her kan responsar, verdiar og haldningar knytt til ulik åtferd skine gjennom trass i at personalet ikkje naudsynlegvis ytrar det verbalt (Gjervan et al., 2006, s. 75).

Vidare går Gjervan et al. inn på “vi og dei andre”-perspektivet og forklarar at det heng saman med korleis ein høver seg til det som vert opplevd annleis, ulikt og framand. Dette avhenger blant anna av haldningar og kunnskap, og evna til å handsame mangfald. Skilnadane i dette spennet har utgangspunkt i det mellom minoritets- og majoritetsbefolkinga: *Vi* nordmenn og *våre* norske tradisjonar, *dei* innvandrarane og *deira* tradisjonar. Ofte vert *dei andre* vurdert ut i frå eit etnosentrisk perspektiv og karakterisert som framandarta og unaturlege, medan ein definerer både seg sjølv og tradisjonane sine som normale og naturlege (Gjervan et al., 2006, s. 77). Barnehagepersonalet sine haldningar til menneske med bakgrunn som skil seg frå deira eigen, spelar inn i relasjonane mellom tilsette, born og foreldre i barnehagen. På bakgrunn av dette, og for å unngå at den eine parten vert marginalisert, er det naudsynt å reflektere kring eigne verdiar og haldningar som del av barnehagen sitt arbeid (Gjervan et al., 2006, s. 78). I denne samanhengen vert møter med foreldre med ulik ståstad i kva som er viktig for born si læring trekt fram, saman med viktigheita av personalet si refleksive haldning til eiga

definisjonsmakt og eigne haldningar, samt relasjonar prega av anerkjenning og likeverd (Gjervan et al., 2006, s. 79).

For å handsame mangfald på ein god måte, skriv Gjervan et al. at personalet treng kunnskap og dugleikar. Kunnskap om ulike kulturar og religionar vert ofte etterspurt når barnehagen tek i mot born og foreldre med minoritetsbakgrunn, utan at det naudsynlegvis er denne typen faktakunnskap som avgjer personalet sine utviklings- og aktivitetsmogleikar. Kunnskap om ulike kulturar og religionar vert ofte etterspurt når barnehagen tek i mot born og foreldre med minoritetsbakgrunn, utan at det naudsynlegvis er denne typen faktakunnskap som avgjer om personalet lukkast i å tilretteleggje for gode aktivitets- og utviklingsmogleikar for born med ulike føresetnadar . Kunnskapar om kvarandre sin bakgrunn kan likevel fungere som ei kjelde til relasjonsbygging, og å finne felles grunn for grunn som utgangspunkt for dialog kan gje personalet betre innsikt og forståing for foreldra sine haldningar og verdiar (Gjervan et al., 2006, s. 79-80). For at det fleirkulturelle perspektivet skal bli ein naturleg del av personalet si tenking og pedagogiske praksis, er det naudsint at barnehagepersonalet har ulike typar kunnskapar og erfaringar, og at dette får ei innverknad for barnehagen sitt innhald, organisering og arbeidsmåtar (Gjervan et al., 2006, s. 86).

Pettersvold & Østrem (2018) skriv om at profesjonell uro kan fungere som ei kjelde til motstand, handling, kritikk og refleksjon, og at den kan vere eit kvalitetsteikn ved profesjonsutøvinga som set barnehagelæraren i stand til å ta ansvar. Erkjenninga av at ein som profesjonsutøvar står for noko, er ikkje einstyndande med å vite kva ein skal gjere, og handlingsrommet kan variere i storleik (2018, s. 20). Hennum & Østrem (2016) skriv også om handlingsrommet, og at barnehagelæraren i uoversiktlege og komplekse situasjonar, ofte må ta avgjerder basert på profesjonell dømmekraft og skjønn. Dette kan skape relevans for dydsetiske perspektiv i barnehagelæraren sin profesjonsetikk (2016, s. 87).

Lidén (2005) skriv om barnehagen sin læringskultur. Den omfattar bestemte dugleikar, verdiar og kunnskapssyn, og at personalet spelar ein viktig rolle for kva framferd som vert etterspurt, applaudert eller irettesett. Ho skriv at implementering av forståing for kva måtar som er riktige å tenke, handle og snakke på, er eit kontinuerleg arbeid, og at pedagogar ikkje etterspør minoritetsborna sine kunnskapar og livserfaringar i same grad som med majoritetsborna. Vidare understrekar også viktigheita i å sjå korleis borna sine kunnskapar og erfaringar vert gyldige

for kvarandre, og korleis ein i barnehagen ikkje alltid lykkast i å synleggjere dette (2005, s.136).

2.5 Normalitet

Problemstillinga vår gjer det relevant å sjå på kva dr.philos./spesialist i klinisk pedagogikk og avdelingsleiar for barnehage og psykisk helse i Karmøy kommune Liv Mette Laastad Strømme (2023) skriv om normalitet i barnehagen og det Universitetslektor Marcela Montserrat Fonseca Bustos (2011) skriv om normalisering og den tradisjonelle kjernefamilien. Høgskulelektor i spesialpedagogikk Ingvild Åmot, førsteamanuensis i pedagogikk Ruth Ingrid Skoglund og høgskulelektor i pedagogikk Åse Nylenna Akslen har fokus på kulturforskjellar i barnehagen, anerkjenning i komplekse situasjonar i pedagogiske institusjonar og samarbeid mellom barnehage og foreldre. Vi opplever dette som relevant for studien og problemstillinga vår fordi det påverkar barnehagelærarane sine haldningar og handlingar. Judith Pamela Butler er filosof, litteraturteoretikar, kjønnsforskar og professor i retorikk og samanliknande litteraturvitenskap. Hennar perspektiv på kjønn er relevant for å forstå familiemangfold og for å utvikle gode arbeidsmåtar og strategiar for å imøtekome dette.

Strømme (2023) skriv at profesjonsutdanna barnehagelærarar i barnehagen kjenner på eit stort ansvar for at born utviklar seg i takt med forventningane samfunnet har til dei. Ho forklarar korleis normalitet vert forstått i barnehagen og korleis det får ei vesentleg tyding for born i eit lengre perspektiv. Barnehagelærarane sine forventningar heng saman med verdiar og idéar om at likskap i større grad enn ulikheit aukar sannsynet for at born ikkje fell utanfor fellesskapen men oppnår tilhørsle i delte livsverder (Strømme, 2023, 148). Vidare påpeikar ho at barnehagelærarar har tydelege intensjonar og ynskjer om eit godt liv for born i barnehagen. Synet på mangfold som den nye normaliteten opnar ikkje for fleire mogleikar for born sine livsverder, men rettar seg i staden mot utvikling av størst mogleg likskap i liv og utvikling (Strømme, 2023, s. 148).

Bustos (2011) nemner den tradisjonelle kjernefamilien fleire gonger i si forsking, og forklrarar at idéen om denne som den “riktige” eller “normale” måten å gjere familie på, usynleggjør mangfold og skapar mogleikar for nokon på kostnad av andre (2011, s. 160). Det er på tide å problematisere kjernefamilien sin status for å utvide mangfaldet vi har i samfunnet. Bustos peikar på at dersom den “normale” familien vert konstruert i eit motsetnadstilhøve til andre familieformer, fungerer normaliserande praksisar som diskriminerande (2011, s. 160). Vidare

skriv ho at normaliserande diskursar er problematiske i eit inkluderings- og antidiskrimineringsperspektiv, då normaliteten vert konstruert i motsetnad til det som er annleis eller avvikande. Butler (1990) forklarar gjennom den heteroseksuelle markisa at forståinga av at kvinner og menn sine eigenskapar utfyller kvarandre og difor står i motsetning til kvarandre, speler inn i korleis ein forstår tradisjonelle kjernefamiliar, og at ein på bakgrunn av dette gjev dei overordna status over andre familiar. Diskriminerande praksisar må bli utfordra og stillast spørsmålsteikn ved. Bustos påstår barnehagen ved å inkludere heteronormalisering som eitt av fleire kritiske tema i etiske og kritiske refleksjonar, kan skape mogleikar for inkludering og antidiskriminering i barnehagekvardagslivet (2011, s. 168).

Åmot og Skoglund (2012) skriv om anerkjenning for kompleksitet og tilføring av noko nytt til det mangfoldige pedagogiske feltet. Dei seier at vi er blitt meir og meir oppmerksam på dei utfordringane som ligg i anerkjenning som fenomen, og korleis vi kan forstå det å vere anerkjennande. Samtidig argumenterer dei for at det er behov for ein utvida forståing av anerkjenning som fenomen i eit samfunn som er prega av individualisme og mangfold (Åmot og Skoglund, 2012, s.18).

3.0 Metode

I dette kapittelet presenterer vi val og grunngjeving av forskingsmetoden vi har nytta, informantane med fiktive namn og refleksjon knytt til gjennomføring og analyse. Til slutt går vi inn på gyldighet, pålitelegheit og forskingsetikk.

3.1 Semistrukturert fokusgruppeintervju

Metodevalet baserer seg på at det vert mogleg å svare på problemstillinga vår. I denne studien undersøkjer vi kva ynskjer barnehagelærarar har for arbeid med mangfold, og kva tankar som vert relatert til mangfold i barnehagen. På bakgrunn av dette, og fordi vi håpar å få innblikk i informantane sine opplevelingar og erfaringar, har vi vurdert kvalitativ forskingsmetode med semistrukturert fokusgruppeintervju som høveleg for føremålet. Datamaterialet i kvalitative forskingsmetodar kjem til uttrykk gjennom ord, setningar og uttrykk, og vert samla gjennom samtalar mellom menneske som anten kan bli gjennomført munnleg eller skriftleg (Jacobsen, 2013, s. 56). Metoden eignar seg godt når ein er på jakt etter den einskilde sine meningar, handlingar eller grunngjevingar, og for å få tak i kva det finns noko av (Sando, 2022, s. 77).

Løkken & Søbstad skriv at kvalitative intervju vert kjenneteikna av at forskaren får ta del i informantane sine perspektiv og formuleringar, forutsett at sistnemnde får nytte eige språk og formulere eigne meininger og erfaringar (2013, s. 107). Hovudpoenget i eit kvalitatittv intervju vil dermed vere å la informanten formulere svara sine sjølv og at forskaren let intervjuet vere ustukturert og ope. Fordelen med fokusgruppeintervju er at ein lettare finn kjernekpunkt i emnet ein vil studere (Løkken & Søbstad, 2013, s. 107) og får fram dei ulike synspunktene kring emnet som er i fokus i gruppa (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 162). Den eksplorative, livlege og kollektive ordvekslinga i fokusgruppeintervju kan bringe fram fleire synspunkt enn i individuelle og meir kognitive intervju, og kan også føre til at problemstillinga i studien endrar seg underveis i prosessen (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 162).

I intervjuguiden har vi grunna den blanda strukturen mogleik til å leggje inn ulike spørsmål og oppfølgingsspørsmål som vi ynskjer å få svar på. Dette gjev rom for at informantane kan utdjupe refleksjonane sine og at forskaren kan føye til fleire spørsmål underveis. Presisjonen i skildringane og fortolkingane av kva innhaldet tyder er styrken ved intervjuet, og krev at forskaren føl godt med på det informantane ytrar for å utfordre dei til å gje ei mest mogleg dekkjande skildring (Dalland, 2017, s. 68). På bakgrunn av dette og for å kunne svara på vår problemstilling *kva ynskjer har barnehagelærarar for arbeid med mangfold i barnehagen?* valte vi å ha to informantar, kor vi samla inn data gjennom intervju for å høyre deira erfaringar og opplevelingar kring arbeid med mangfold i barnehagen.

3.1.1 Informantar

Informantane er profesjonsutdanna barnehagelærarar og pedagogiske leiarar som er tilsett i barnehagen. Dei arbeider i same barnehage, men på ulike avdelingar og på tvers av aldersgrupper. Vi har valt å nytte fiktive namn på informantane for at refleksjonar og utsegn ikke skal kunne førast attende til dei eller barnehagen dei er tilsett i.

Tove har vore barnehagelærar i 9 år. Vegen inn var gjennom eit ferievikariat som utvikla seg til fast jobb som assistent. Etter dette vart ho fort interessert i profesjonen fordi ho opplevde at det var noko ho meistra. Ho elskar jobben, faget og tett arbeid med born og familiar. Tove brenn for jobben sin på same vis som den andre informantan Oda gjer. Oda har vore barnehagelærar i 19 år. Ho hadde eit ynskje om å arbeide med born i barnehage eller skule. Valet fall på barnehagen fordi ho opplevde den som friare enn skulen. Då ho starta i jobben tenkte ho mykje på at ho faktisk fekk betalt for å vera der. Ho tykkjer det er vidunderleg å vere fri medan ho er

på jobb. Oda jobbar no for det meste som fagleiar, og brukar mykje av dagane på dei forskjellige avdelingane.

3.1.2 Gjennomføring av fokusgruppeintervju

I forkant av intervjuet fordelede vi oppgåver ut i frå styrkane våre og valte å ha ein skribent og ein som stilte spørsmål og oppfølgingsspørsmål. I ettertid ser vi at dette var ein god måte å gjennomføre fokusgruppeintervjuet på, fordi begge var førebudd på det vi skulle gjere då vi møtte informantane og intervjuet gjekk difor av seg sjølv. Potensielle farar med den semistrukturerte varianten av fokusgruppeintervju er at forskaren kjem inn på eiga før-forståing og at ein på den måten legg føringer for kva informantane skal svare og at dei skal svare “rett”. Undervegs la vi merke til at samtaLEN skifta retning, men grunna godt forarbeid og intervjuguide, klarte vi å hente oss inn att. Vi kjende oss trygge på spørsmåla våre og opplevde at intervjuguiden var forståeleg for informantane utan at vi måtte forklare og utdjupe.

3.1.3 Gjennomføring av analyse

Malterud (2003) forklarar at analyse består av dei fire hovudstega heilskapsintrykk og samanfatting av meiningsinnhald, kodar, kategoriar og omgrep, kondensering i analysen og samanfatting/rekontekstualisering.

For å analysere datamaterialet frå fokusgruppeintervjuet, las vi i fase 1 gjennom materialet og leita etter interessante og sentrale tema for å bli kjend med det. Vi såg på kva intervjuranskripsjonane fortalte oss og kva informantane gav uttrykk for, og noterte det vi vurderte som hovedtema. Vidare arbeida vi med meiningsfortetting og korta ned og komprimerte lange setningar.

I fase 2 føretok vi ein systematisk gjennomgang av materialet som identifiserte tekstelement som gav informasjon og kunnskap om dei hovedtemaa vi festa oss ved. Vi leita etter dei meiningsberande elementa i materialet og skilte ut det som er relevant for problemstillinga, før vi markerte informantane med kodeord og namn for å påvise og organisere meiningsberande informasjon. Dette gjorde at vi kunne finne og slå saman alle tekstdelane som relaterer seg til eitt særskild spørsmål eller tema. Vi organiserte tekst i klassar og kategoriar ut i frå omgropa som var sentrale i analysen.

I fase 3 trakk vi ut dei delane av teksten som var koda og sat att med eit redusert materiale som vart ordna etter kodane. Denne fasen inneber å utvikle kategoriar som er meir abstrakte enn dei opphavlege kodane.

I fase 4, som er siste fase, utforma vi nye omgrep og forklaringar, og vurderte om inntrykket av våre samanfatningar og forklaringar var i tråd med det inntrykket som kom fram i det opphavlege materialet vi starta med.

3.2 Gyldighet og pålitelighet

Jacobsen (2013) skriv at det er viktig å tenkje over om noko har påverka resultata vi kjem fram til gjennom ei datainnsamling (Jacobsen, 2013, s. 155). I forkant reflekterte vi over at før-forståinga vår kunne farge tolkinga og analysen av fokusgruppeintervjuet. På bakgrunn av dette, og for å få beinveges tankar og meininger, sende vi ikkje intervjuguiden til informantane i forkant av intervjuet. Vi tenkte at å sende intervjuguiden på førehand kunne gitt informantane tid til å førebu seg og at det kunne gitt eit heilt anna resultat som ikkje hadde samsvar med praksisen deira. Ein annan refleksjon og bekymring, var at informantane skulle kjenne seg usikre på om dei svara “rett” eller “galt”. Dersom settinga vert opplevd som ubehageleg kan datamaterialet og resultata bli negativt påverka (Jacobsen, 2013, s. 155). For å imøtekome dette og forsøkje å tryggje dei, fekk informantane velje tid og stad for intervjuet. Dette opplever vi som eit positivt val.

Vi sit i etterkant av intervjuet att med ei oppleveling av at vi fekk svar på det vi leita etter, og ser at førebuinga og forarbeidet spelte ei viktig rolle i dette. Intervjuguiden var godt gjennomarbeidd og utforma, og hadde fleire mogleikar for oppfølgingsspørsmål som var relevante for problemstillinga vår. Vi er også nøgde med valet om ikkje å sende ut intervjuguiden og opplever at dette resulterte i årlege og autentiske svar frå informantane. Trass i at vi hadde gode oppfølgingsspørsmål, kom vi også på nokre undervegs i intervjuet som har bidratt i å spisse problemstillinga vår i etterkant.

3.3 Forskingsetikk

Å rette blikket innetter eiga profesjonsutøving kan vere utfordrande for informantane, men vi ser for oss at ei samansett fokusgruppe vil finne tryggleik i profesjonsfellesskapen og på den måten kunne reflektere fritt kring barnehagelærarrolla. Vi vil ha ei undersøkjande, undrande og open tilnærming til problemstillinga *Kva ynskjer har barnehagelærarar for arbeid med*

mangfald i barnehagen? og forsøke å få tak i erfaringane barnehagelærarar har med mangfald. Kva gjeld forskingsetiske omsyn, forstår vi det Busch (2021, s. 62) skriv om samtykke, konsekvensar og konfidensialitet, til å omhandle utarbeiding av eit samtykkeskjema som forklarar informantane kva dei deltek i og samtykker til, og korleis personvern og anna sensitiv informasjon vert handsama i prosessen og oppgåva. Vi håpar dette vert opplevd som avvæpnande og inviterande for informantane våre. Dalland (2020, s. 171) peikar på at ein bør stille seg spørsmål om kven som har nytte av dei kunnskapane ein ynskjer å skaffe, og i denne samanhengen tenkjer vi at informantane nok blir sjølvmedvitne i intervjuet, men at vi vil ha glede av å få innsikt i deira tankar. I prosessen med desse omsyna har vi vår eiga før-forståing, tidlegare erfaringar med mangfald, personlege tilhøve og pedagogisk grunnsyn i bakhovudet, og er farga av eiga oppfatning. For å balansere dette vert det naudsynt å skrive fram ein god intervjuguide som er nøytral samstundes som den er retningsgjevande og i tråd med problemstillinga vår.

4.0 Presentasjon av data og drøfting

I dette kapittelet skal vi sjå nærrare på datamaterialet frå fokusgruppeintervjuet og presentere funna ved bruk av sitat og forklaringar henta frå informantane sine utsegn. For å belyse problemstillinga vår best mogleg og ikkje repetera oss sjølv, har vi valt å skrive fram funna først og deretter drøfte dei før vi går vidare til neste funn. På denne måten håpar vi å svare på kva ynskjer barnehagelærarar har for arbeid med mangfald i barnehagen.

4.1 Ein stor boks vi kan setje alle i

Det fyrste funnet er relatert til informantane sine refleksjonar om normalitet i barnehagen. Gjennom intervjuet oppfattar vi at dei har klare meininger om kva mangfald er, kor breitt det er og korleis samfunnet har endra seg til å bli meir mangfaldig. Tove meiner mangfald er knytt til normalitet og vektlegg at ho ynskjer at avdelinga skal arbeide med mangfald som normalitet i barnehagen:

Dei på min avdeling skal kjenne på ein tryggleik og rausheit, at her er det rom for alle, eit fleksibelt rom kor vi er ein stor boks vi kan setje alle i.

Her står Tove fram som oppteken av inkludering både i gruppa og fellesskapen, og vi tolkar at hennar arbeidsmåte byggjer på romsleghet og omsorg. Den same forståinga ser vi att hjå kollegaen Oda i hennar refleksjonar om normalitet og mangfald:

Eg vil at alle skal under omgrepet normalitet. Korleis ein såg på det før, normaliteten med ein vanleg norsk familie kor foreldra var mor og far, dei hadde god råd, begge i arbeid, reiste på ferie om sommaren og så vidare. Vi ser no at normaliteten på ein måte er å vera frå ein anna kultur, kor det nesten er meir normalt å vere mangfaldig enn "normal". Det har endra seg mykje.

4.1.2 Normalitetsrommet

Barnehagen si forståing for normalitet speler ei sentral rolle for born i det lange løp, og skapar rom for det emosjonelle, intuitive og spontane ved deira kroppslege og mangfaldige eksistens (Strømme, 2023, s. 147). Informantane ytrar at dei vil arbeide ut i frå eit pedagogisk grunnsyn bygd på tryggleik, rausheit og fleksibilitet for at alle skal kjenne tilhørsle i fellesskapen på avdelingane deira. I lys av Strømme si forsking forstår vi dette som ei inkluderande tilnærming som aukar sannsynet for at born ikkje fell utanfor fellesskapen, men kjenner at dei har ein plass der (2023, s. 148). Det kan argumenterast for at normalitet i barnehagen er eit tatt-for-gitt-fenomen som utan medvitne og reflekterande pedagogar kan minske borna si livsverd. Somme hevdar at normalitet blokkerer mangfold og god integrering, medan andre meiner det ligg til grunn for sosial orden i samfunnet. Ein kan også seie at det synleggjer kven som er på innsida og utsida (Strømme, 2023, s. 11). Uansett kan eit snevert «normalitetsrom» utfordre verdi- og moralspørsmål og setje pedagogane i ein krysseld av forventningar.

Lidén viser til korleis barnehagen sin læringskultur omfattar bestemte dugleikar, verdiar og kunnskapssyn, og at personalet spelar ei viktig rolle for kva framferd som vert etterspurt, applaudert eller irettesett (2005, s. 136). Ho skriv at implementering av forståing for kva måtar som er riktige å tenke, handle og snakke på, er eit kontinuerleg arbeid, og at pedagogar ikkje etterspør minoritetsborna sine kunnskapar og livserfaringar i same grad som med majoritetsborna. Dersom born og familiar med minoritetsbakgrunn skal oppleve barnehagen som meiningsfull, er det naudsynt at også dei opplever gjenkjennung og identitetsfestning i barnehagen sitt innhald. Ofte inkluderer ein kunnskapar utanfor normalitetsrommet dersom dei er relevante for den ramma barnehagen allereie har fastsett. Dette fører til at minoritetsborna sin sosiale kompetanse og informasjon sjeldan vert oppdaga eller etterspurt, og som ytste konsekvens vert definert som marginal og uvesentleg. Lidén understrekar at det er viktig å sjå på korleis borna sine kunnskapar og erfaringar vert gjort gyldige for kvarandre, og korleis ein i barnehagen ikkje alltid lykkast i å synleggjere dette (2005, s. 136). Det kan tolkast som sentralt

å ta spørsmål som dukkar opp undervegs, med ein gong, for å anerkjenne borna sine initiativ, kunnskapar og identitetar. Dette gjev også informantane uttrykk for i fokusgruppeintervjuet, og forklarar at foreldresamtalar er ein god mogleik til å bli kjend med heile familien og ikkje utelukkande samtale om bornet si utvikling.

I barnehagen vert heteronormalisering knytt til familiar, fordi ein av måtane det kjem til uttrykk på er gjennom framstillingar og forventningar til strukturane i familiære relasjonar. Tradisjonelle kjernefamiliar vert forstått som den «normale» måten å gjere familie på og har ein overordna status over andre familieformer som er problematisk i ei tid kor born har erfaringar med mangfaldige familieformer og -strukturar (Bustos, 2011, s. 159-160). Denne konstruksjonen kviler på Butler si heteroseksuelle markise og bidreg til å konstruere «rett» og «feil» ved at kvinner og menn sine eigenskapar utfyller kvarandre og såleis står i motsetning til kvarandre (1990 s. 45). I barnehagesamanheng kan ein forstå dette som feminine gutar og gutejenter, eller at mor er omsorgsperson medan far er forsørgjar og at det i familien er ein av kvar av desse. Informantane uttrykkjer at normaliteten med norske familiar beståande av mor, far og born er i endring og at det no er meir «normalt» å vere mangfaldig enn «normal». Desse refleksjonane kan ein tolke som at samfunnet dreiar seg vekk frå heteronormaliserande praksisar, og at informantane høver seg medvitne til at det som skjer utanfor barnehagen også påverkar deira pedagogiske praksis. Eit slikt ressursorientert syn på mangfold blant pedagogane gjer at ein unngår å reproduusere heteronormalisering i barnehagen (Bustos, 2011, s. 160).

Det kan argumenterast for at familiar som ikkje møter krava for den tradisjonelle kjernefamilien, eller som på anna vis står fram med ikkje-heteroseksuelle uttrykk, kan oppleve å bli ignorert og marginalisert (Bustos, 2011, s. 161). For å gje born kjennskap til mangfaldet som finns i verda dei er og lever i, og skape forståing for ulike kulturar og levesett, bør alle pedagogiske praksisar inkludere representasjon og spegle samfunnet i innreiing, bøker, leiker, songar og forteljingar. Strømme peikar på at born sine forsök på å skape mening gjennom ulike uttrykk kan bli misforstått dersom normalitet får trongare rom, og at ein del born vil syne seg ulike frå standardbornet dersom rammene for unormalitet vert tatt for gitt (2023, s. 146). Dette kan ein forstå som at normaliseringsdiskursar kan vere problematiske i eit antidiskriminerings- og inkluderingsperspektiv fordi normalitet vert konstruert i kontrast til det som er anleis (Bustos, 2011, s. 168). Eit inkluderingsperspektiv eller ressursorientert syn på mangfold, slik vi forstår det og i tråd med informantane si forståing av at alle skal kjenne seg som ein del av

fellesskapen, handlar ikkje om å inkludere «dei på utsida», men om å utvide normalitetsrommet.

4.2 Å vere på bølgjelengd- forståing føl med

Det andre funnet relaterer seg til å vere på bølgjelengd og at forståing har ein plass i dette. Undervegs opplever vi *haldningar* som eit gjentakande ord og legg merke til at informantane knyt det til mangfaldsforståing, og at dei er opptekne av korleis haldningar og mangfald heng saman. Oda utdjupar:

Haldningar handlar mykje om kunnskap og forståing. Ha fokus, og jobbe systematisk med det i personalgruppa. Det er viktig å vere modig nok til å ta tak i det.

Tove held fram og fortel om opplevelingar med haldningar, handlingar og leiing av personal- og barnegrupper. Vi vurderer dette som refleksjonar kring makta ein har over foreldre, tilsette og born som pedagogisk leiar i barnehagen:

Definisjonsmakt mellom born og voksen, maktbalanse, vi kan bestemme og seie mykje. Orda våre har mykje makt, og korleis vi utstråler og legger til rette på avdelingane våre.

Vidare går Oda inn på korleis ho som leiar ynskjer å arbeide med mangfald og haldningar i personalgruppa. Ho støttar Tove sitt perspektiv om maktbalansar og nemner at dei har vore vitne til rasisme på avdelinga. Dei utsegna som då kom til syne understrekar viktigeita av arbeid med haldningar og handlingar i personalgruppa:

For oss er det viktig at personalet justerer forventingane, ein kan ikkje ha same forventingar til alle familiar. Viktig å vera på bølgelengde - forståing følger med.

Tove støttar oppom det vi tolkar som eit ressursorientert syn på mangfald og foreldresamarbeid, og utdjupar med refleksjonar om kulturforståing:

I foreldresamtalar ser vi hjå oss at ein ikkje berre kan snakke om bornet si utvikling, men bli kjend med familien og deira kultur, og kor dei kjem ifrå.

4.2.1 Haldningar og handlingar

Det kan argumenterast for at dei mogleikane born i barnehagen får til læring og utvikling, botnar i pedagogane sin kompetanse og korleis dei handsamar kompleksitet. Sistnemnde kan også spele ei rolle for korleis pedagogane møter foreldre og føresette, og for samarbeidet mellom heim og barnehage. Kompetansen og handlekrafta omfattar dei dugleikane, handlingane og kunnskapane den einskilde tilsett tek med seg inn i barnehagen og utgjer i sum den samla kompetansen der (Gjervan et al., 2006, s. 74). Informantane gjev til kjenne at dei stadig høver seg til ulike born og foreldre, og nemner som Gjervan et al. at nokre vert opplevd meir ulike enn andre (2006, s. 74). Dei ytrar eit merkbart skifte i haldningar i takt med korleis samfunnet har utvikla seg medan dei har arbeida i barnehagen, og at det er utslagsgivande for måten dei handlar på. På bakgrunn av dette kan ein forstå anerkjenning for ulikskapar og kunnskap om mangfald som ein viktig og naudsynt del av profesjonsutøvinga.

I barnehagesamanheng kan det på institusjonelt plan etablere seg ymse strukturar i tilhøva og kommunikasjonen mellom pedagogar, foreldre og føresette. Dette kan føre til at både fråvær og nærvær av anerkjenning for ulikskapar påverkar korleis personalet tek plass og posisjonerer seg, og kva spor dei etterlet seg (Akslen, 2012, s. 150). Blant funna frå fokusgruppeintervjuet, kjem det fram at informantane sitt verbale og nonverbale språk legg føringar for korleis familiene i barnehagen vert møtt, og at informantane som del av sin pedagogiske praksis reflekterer kring tilrettelegging av avdelingane for å på best mogleg vis vareta ulike kulturar. I situasjonar kor ein opplever at andre skil seg frå slik ein sjølv er, i eit slags «vi og dei andre»-perspektiv, kjem eigne haldningar, oppfatningar, normer og verdiar tydeleg til syne. Den parten som då representerer majoriteten, eller på anna vis kan forårsake asymmetri og maktbalansar i relasjonen ved å vurdere minoritets parten frå eit etnosentrisk perspektiv, kan gjere at minoritets parten opplever seg marginalisert (Gjervan et al., 2006, s. 79). Dette indikerer at respekt, anerkjenning og forståing for andre, uavhengig av ulikskapar, ligg til grunn for deltaking og likeverd i den fellesskapen som dannar laget rundt bornet. Det er også, som informantane nemner, eit poeng å justere forventninga og ikkje ha dei same til alle familiar. Skoglund peikar på at ei respektfull framferd utfordrar oss til å sjå etter, og at det i denne prosessen ligg ei erkjenning av at ein er farga av eiga oppfatning i måten ein ser andre (2012, s. 184). Motparten vert med andre ord forma gjennom eins eigen måte å sjå verda på.

Å ta den andre sitt perspektiv, og sjå verda gjennom motparten sine auger, kan bidra til å utvide eigne perspektiv og skape medvit og sjølvinnssikt kring dei haldningane og handlingane ein har

med seg i profesjonsutøvinga (Gjervan et al., 2006, s. 79). Ifølgje informantane, kan ein ikkje alltid tilpasse seg familiene, men til gjengjeld justere forventningane for å vere på bølgjelengd, fordi ein også er plikt å arbeide i tråd med styringsdokument og lovverk. Dette kan ein tolke som at dydsetiske perspektiv kan vere relevante for profesjonsetikken, og at dei avgjerdene pedagogane tek i komplekse kontekstar med minimalt handlingsrom, bør basere seg på skjønn og profesjonell dømmekraft (Hennum & Østrem, 2016, s. 87). Møter som dette er gjensidig farga av respekt og anerkjenning, og handlar om å minske opplevingane av ulikheit, samt å gjere det som er framand meir forståeleg. Trass i at partane framleis er ulike, kan ein i slike relasjoner, gitt at pedagogane har ei refleksiv haldning til eiga definisjonsmakt, finne felles grunn og forståing av kvarandre si oppleving av verda og kjenneteikne relasjonane mellom pedagog-foreldre-føresette som anerkjennande og likeverdige (Gjervan et al., 2006, s. 79).

Å vere modig nok til å ta tak i utfordringar, som informantane nemner, og som profesjonsutøvar erkjenner at ein står for noko, er ikkje einstydande med at ein straks veit kva som er rett å meine eller gjere (Pettersvold & Østrem, 2018, s. 20). Reaksjonen kan handle om at det finns grunn til å agere, og som informantane nemner, arbeide fokusert og systematisk innetter i personalgruppa. Å møte familiar i ulike former og med ulike strukturar, kan på den eine sida opptre som ei oppleving av uro fordi det bryt med normene for det ein kjenner til. Det krev at ein må tilegne seg kompetanse og forståing som skapar rom og gjer profesjonsutøvinga inkluderande. På den andre sida kan uroa for det ukjende kvalitetssikre dei pedagogiske praksisane fordi det krev at ein tek ansvar. Sett under eitt, kan det å kjenne på uro vere eit teikn på at det er naudsynt å gjere noko, og ikkje overlate det til tilfeldigheitene (Pettersvold & Østrem, 2018, s. 20).

Skiftet som informantane fortel om, og som vi refererer til innleiingsvis, vert utdjupa til å omhandle ulike tiltak for inkludering. Dei kjenslene som vert vekkja i møte med det som er ulikt ein sjølv, eller som på andre måtar skil seg frå det ein kjenner til, gjer at ein som profesjonsutøvar må tenkje og handle annleis. Eit ledd i dette arbeidet vert av informantane forklart som at foreldresamtalar ikkje utelukkande treng å omhandle bornet si utvikling, men at ein også kan gjere seg kjend med familien, deira kultur og kva og kor dei kjem ifrå. Haldningar og handlingar som anerkjenner dette, og profesjonsutøvarar som reflekterer kring eigen praksis og høver seg til at det som skjer utanfor barnehagen også påverkar praksisane i den, vil kunne fungere som eit gode for barnehagen.

4.3 Mangfaldig mangfald, og at mangfald blir normaliteten

Det siste funnet handlar om korleis informantane ynskjer å arbeide med inkludering for at mangfald blir normaliteten. Vi tolkar utsegna deira som at det er utfordrande med forskjellar både i foreldre- og barnegruppa. Tove forklarar kva ho som pedagogisk leiar tenkjer på når ho hører ordet mangfald. Dette tydelegger hennar tankar rundt mangfald og ulikheiter i barnehagen, men viser også at ho er klar over på forskjellane:

Noko av det fyrste eg tenker på er at mangfald handlar om ulikheiter. At ein er forskjellig, alt frå kultur, tradisjon, bakgrunn, men at vi er eit og same fellesskap.

Tove understrekar korleis det mangfaldige samfunnet er meir normalt no enn før, og at ho som pedagogisk leiar må gjere endringar i praksisen sin for å imøtekome dette. Ho vurderer eiga profesjonsutøving i både positive og negative forteikn i ytringane sine:

I rammeplanen er dei tydelege på at alle skal bli inkludert, same kva bakgrunn ein har. For meg er det viktig å kunne rigge og bygge miljøet i barnehagen til eit mangfaldig mangfald, og at mangfald blir normaliteten, ikkje spesielt på eitt barn. Eg vil at vi alltid skal jobbe slik, og ikkje lage forskjellar på dei ulike kulturane. Det må bakast inn i kvardagen – gjerne gjennom heile året.

Oda trekk fram at barnehagepersonalet har reflektert kring praksisen med å lage morsdagskort, og at ein forsøker å tilpasse seg ulike familieformer og eit samfunn i endring. Informantane går vidare inn på foreldresamarbeid, og Tove held fram med ein refleksjon om relasjonar og samarbeid, kor ho ynskjer å få ei inkluderande tilnærming til foreldra, og skape betre relasjonar. Dette knyt ho opp mot at dei ynskjer at mangfald blir normaliteten, og ikkje spesielt på eitt barn eller ein familie. Ho legg vekt på at det er vanskeleg å bruke foreldra i praksis, og å innvilge alle foreldra sine ynskjer.

4.3.1 Foreldresamarbeid i eit mangfaldsperspektiv

Det trengs eit skifte frå normaliserande diskursar om kjernefamilien og fastlåste, strukturelle definisjonar basert på genetisk slektskap (Bjerklund, 2021, s. 146). På bakgrunn av kva informantane seier om at mangfald handlar om ulikheiter, ser vi at dei reflekterer kring forskjellar i familiar og at det påverkar korleis dei blir oppfatta. Til dømes kan vi sjå at familiar utfor den «normale» kjernefamilie vert oppfatta som eit av dei tradisjonelle familieverdiane kor

dei viktigaste verdiane går tapt. Dette kan vera alt frå minoritetsspråklege familiar til einslege eller likekjønna foreldre som kan oppfattast som problematiske. Bjerklund (2021) påpeker at om barnehagen fokuserer berre på likskap, kan forskjellar underkommuniserast slik at enkelte behov ikkje tas hand om (Bjerklund, 2021, s.147). Vi ser på dette som at spegling og synleggjering av ulike familieformer fordrar barnehage-heim samarbeid med ein anti-undertrykkjande pedagogikk kor ingen familieformer vert marginalisert.

Bjerklund (2022) skriv at foreldregruppa er som regel mangfaldig samansett, og korleis profesjonsutøvarar må møte mangfaldet på ein måte som sikrar aksept for at det finns mange måtar å tenke, handle og leve på, samt naudsynheita av å ha eit fellesskap (Bjerklund, 2022, s.109). I lys av Bjerklund si teori om foreldresamarbeid, meiner vi at det kan vera naudsynt å vera open og imøtekommende, men ikkje naudsynlegvis tilpassa seg «alt og alle». På den eine sida høyrer vi at informantane syns det kan vera utfordrande med foreldresamarbeid, og kanskje spesielt med minoritetsspråklege foreldre. Samtidig kan samarbeid med majoritetsspråklege foreldre vere vanskeleg då dei er meir kritiske og stiller krav. Knyt opp til minoritetsspråklege foreldre skriv Sigrun Sand (2016) at merksemda er retta mot at foreldra har ein anna kultur, at dei ikkje snakkar norsk, at dei har ein anna religion, vanar og tradisjonar som oppfattast som gammaldagse og uforeneleg med majoritetssamfunnets modnare praksis (Sand, 2016, s.106). Om personalet då har eit mangelfullt perspektiv, kan det føra til at foreldra tvilar på deira kompetanse og prøver å oppdra borna frå ein førestilling om at pedagogane veit best. På den andre sida ser vi då at det kan vera naudsynt å sjå på foreldra som ein ressurs, kor personalet brukar tid på samarbeid med foreldre. Dette er slik vi ser det i tråd med informantanes ynskje om å få ein inkluderande tilnærming til foreldra, og arbeid mot forskjellar i barnegruppa.

Som pedagogisk leiar ser vi det som naudsynt å etablere nære relasjonar til foreldre, og ha gode samarbeids- og samtaleferdigheiter. Vibeke glaser (2019) seier at ho kan sjå viktigheita i at barnehagelæraren er ein støttespelar i måten å speile å anerkjenne foreldra på, men òg gjennom å utforde foreldra sine oppsedingsverdiar og praksis (Glaser, 2019, s. 17). På den eine sida skjønar vi at barnehagen skal vera romsleg, spesielt i møte med ulike familiar og foreldre. På den andre sida ser vi det som naudsynt at barnehagen samlast om nokon felles verdisett som kan vera samlande for barnegruppa og fellesskapet. I intervjuet med pedagogane antydast det at dei ynskjer å oppnå *alt* og imøtekommme alle foreldras spesielle ynskjer for sine barn, samtidig som dei ynskjer å ivareta eit allment omsyn til barnegruppa og barnets beste. Glaser (2019) påstår at det er ein balansekunst å opptre på ein måte som gjer at foreldra ikkje trekk seg unna

(Glaser, 2019, s. 19). Det vil vera umogleg å tilfredsstille alle foreldras ynskjer og behov, men med eit godt samarbeid vil det vera mogleg å tilretteleggje så godt som mogleg for begge partar. Vi trur tilsette og foreldre er tent med å samarbeide for eit inkluderande og mangfaldig miljø. Som vi ser i lys av våre informantar, er tilsette i barnehagen meir framtidsretta no enn før, og ynskjer å møte foreldra som ressurspersonar, anerkjenne, inkludere og oppfylle deira ynskje så langt det lar seg gjere.

Sand (2016) skriv at ein ressursorientert tilnærming til foreldresamarbeid inneber at personalet ser på foreldra som ein ressurs for sine barn, kor dei er mindre opptatt av problemet og vanskar i samarbeidet (Sand, 2016, s.105). Med ei ressursorientert tilnærming til foreldra, kan ein til dømes rigge og bygge miljøet i barnehagen slik at mangfald blir normaliteten. I lys av det informantane seier, kan ein sjå at anerkjenning kan bygge på at kvart individ har ein eigenverdi og eit utviklingspotensiale. Relasjonar knytt til anerkjenning kan utvikle opplevinga av likeverd mellom foreldra og pedagogane. Har man ein ressursorientert tilnærming kan personalet sjå etter ressursar hjå foreldra. Ein blir gjerne mindre opptatt av vanska og problema knyt til samarbeid, og kan ha ein positiv verknad og eit ynskje om å støtte foreldra. Dersom dette er tilfelle, kan foreldresamtalar vera eit verkemiddel for eit ressursorientert samarbeid med foreldra.

Glaser (2019) påstår at eit ressursorientert foreldresamarbeid inneber å ikkje dømme, vera tolerant, sensitiv og empatisk, men samtidig utan å vere grenselaus (Glaser, 2019, s.105). I tråd med kva Oda seier om usikkerheita i å lage morsdagskort kan det vera ein fordel å sjå kva Tove seier om foreldresamtalar: *Ein treng ikkje å naudsynlegvis bruke foreldresamtalar til å berre snakke om barnets utvikling, men bli kjent med familien og deira kultur.* Då kan vi sjå at foreldresamarbeid er eit komplekst fenomen med fleire aspektar. Dette kan vi knyt opp til noko vi har vert innom tidlegare, og sjå på det Bjerklund (2022) skriv om maktbalanse. Ho meiner at ubalansen mellom den sosiale og kulturelle kapitalen som foreldre og barnehagepersonalet sit inne med, kan ha eit maktaspekt som kan gjere noko med korleis dei går inn i samarbeidsrelasjonen (Bjerklund, 2022, s.103). Slik vi forstår det vil det vera naudsynt at den kompetente barnehagelæraren kjem fram i lyset, og tilretteleggje for eit godt foreldresamarbeid utan å forkaste kulturar, og er seg bevisst anerkjenninga og miskjende tilvertingar og verknadar. At barnehagelæraren er ein støttespelar i måten å anerkjenne og speile foreldra på er viktig, men også å utforde foreldra sine oppsendingsverdiar og praksis.

5.0 Avslutning

I denne studien har vi arbeida ut i frå problemstillinga *Kva ynskjer har barnehagelærarar for arbeid med mangfald i barnehagen?* og sett på kva arbeidsmåtar profesjonsutdanna barnehagelærarar nyttar for å ha ei inkluderande tilnærming til mangfald. For å svare på problemstillinga har vi trekt ut funn frå datamaterialet som representerer tre strategiar. Dette er utsegn frå to profesjonsutdanna barnehagelærarar, og representerer difor ikkje heile feltet, men har bidratt til å gi oss ei grundigare forståing for mangfald i barnehagen. Vi har nytta teori og forsking vi opplever som direkte relevant for problemstillinga vår, og støtta oss til forsking om ulikheit, fellesskap, kunnskap, dugleikar og normalitet for å utvide perspektivet og sjå heilskapleg på temaet.

Vi opplever at somme pedagogar pustar letta ut av tanken på ei homogen barnegruppe fordi ein “slepp det mangfaldet”. Slepp å *tenkje* på det. Slepp å *ta stilling* til det. Erfaringar med slike og liknande haldningar har vekkja interessa vår for mangfald i barnehagen og for kva arbeidsmåtar som rører seg i profesjonen. Det har også inspirert oss til å byggje vårt pedagogiske grunnsyn på inkludering, fellesskap, forståing, anerkjenning, kunnskap og romslegheit. Slik håpar vi å møte mangfald med eit ressursorientert syn. Undervegs i prosessen med denne studien, har vi oppdaga at feltet ikkje speglar dei oppfatningane vi hadde då vi gjekk i gong. Det viste seg at den pedagogiske praksisen i barnehagen kor informantane er tilsett, er langt meir mangfaldig enn vi rekna med. Strategiane og ynskja deira for arbeid med mangfald i barnehagen, er å vere på bølgjelengd med familiene, at mangfald vert normaliteten og at ein har “ein stor boks vi kan setje alle i”. Funna samsvarar med forskinga til Bjerklund (2022) som synleggjer viktigheita av kunnskap om familiemangfald og Gjervan et al. (2006) sine perspektiv på tilpassing av pedagogiske praksisar til notida og korleis haldningar og handlingskompetanse speler ei rolle i møte med ulike kulturar. Vi oppdaga også at deler av forskinga som er gjort om fleirkulturelt og etnisk mangfald i barnehagen let seg implementere i arbeidsmåtane for møter med familiemangfald. På bakgrunn av dette, har blant anna også har forskinga til Sand (2016) om pedagogiske utfordringar og mogleikar med fagleg og etisk basis, samt ulikheit og fellesskap gjort seg gjeldande i studien vår.

Profesjonsutdanna barnehagelærarar i barnehagen høver seg til ulike former for mangfald som krev ulike arbeidsmåtar. I ei tid kor mange vil mykje med barnehagen og har sterke meininger om kva den skal innehalde, kan det vere utfordrande å stå i eigen autonomi og integritet. Samfunnet består av seksuelt, sosialt og kulturelt mangfald, som saman med det etniske,

religiøse og språklege ein kan møte som profesjonsutøvar i barnehagen. Desse formene er gjensidig avhengig av kvarandre, speglar samfunnet og born sine oppsedingstilhøve, og endrar seg i takt med endringar i samfunnet, men er framleis styrt av sterke normer for kva ein familie er (Bjerklund, 2022). Ein kan difor forstå at profesjonsutdanna barnehagelærarar treng kunnskap om familieformer og familiestrukturar for å fremje mangfald og like mogleikar i barnehagen, som i aukande grad blir ein møteplass for ulike kulturar og miljø. Denne kompetansen og forståinga vil vere nyttig for å utvikle gode strategiar og arbeidsmåtar i møte med fleirkulturelle barnegrupper og familiar.

I vidare arbeid kunne det vere interessant å studere born sine mogleikar i eit kjønnsstereotypisk perspektiv, og sjå på om dei har like sjansar for utvikling, leik og læring. Vi er inspirert av Rosa kompetanse sine kurs om identitet, kjønn, normer, seksuell orientering og inkluderande praksis, og opplever det som sentralt for profesjonsutøvinga å bidra til at alle born kjenner seg inkluderte og trygge i barnehagen og i identitetsutviklinga si.

6.0 Litteraturliste

- Akslen, Å. N. (2012). Kulturforskjeller i barnehagen. I R. I. Skoglund & I. Åmot (Red.), *Anerkjennelsens kompleksitet i barnehage og skole* (s. 148-164). Universitetsforlaget.
- Bjerklund, M. (2021). Speiling og synliggjøring av familiemangfold i barnehagen. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 105(2), 143-155 <https://www.idunn.no/doi/10.18261/issn.1504-2987-2021-02-04>
- Bjerklund, M. & Vik, N. E. (Red.). (2022). *Familiemangfold og profesjonsutøvelse i barnehagen*. Universitetsforlaget.
- Busch, T. (2021). *Akademisk skriving for bachelor- og masterstudenter*. (2. utgåve). Fagbokforlaget.
- Butler, J. (1990). *Gender Trouble: Feminism and the Subversion of Identity*. Routledge
- Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving*. (7. utgåve). Gyldendal.
- Familie [Bilde]. (2019). Henta fra <https://displate.com/displate/1490642?epik=dj0yJnU9akdUVmNRRTN1cDZqbkFuUWZnNVNvNko4X3ZVOE1mTkMmc0wJm49OGluUFBkYXpfndlPWjZUZUxSaHU1dyZ0PUFBQUFBR1J0NFdJ>
- Glaser, V. (2018). *Foreldresamarbeid. Barnehagen i et mangfoldig samfunn*. (2.utgåve). Universitetsforlaget.
- Hennum, B. A. & Østrem, S. (2016). *Barnehagelæreren som profesjonsutøver*. Cappelen Damm Akademisk.
- Jacobsen, D. I. (2013). *Forståelse, beskrivelse og forklaring. Innføring i metode for helse- og sosialfagene* (2.utg). Kristiansand: Høyskoleforlaget
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om Rammeplan for barnehagens innhold og oppgåver*. Udir.
- Løkken, G & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen*. Universitetsforlaget.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. (2. Utgåve). Gyldendal.
- Lidén, H.(2005). *Mangfoldig barndom: hverdagskunnskap og hierarki blant skolebarn* [Doktorgradsavhandling]. Institutt for samfunnsvitenskap 2005.
- Malterud, K. (2003). *Kvalitative metoder i medisinsk forskning. En innføring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Otterstad, A. M. & Rhedding-Jones, J. (2011). *Barnehagepedagogiske diskurser*. Universitetsforlaget.
- Pettersvold. M. & Østrem, S. (2018). *Profesjonell uro. Barnehagelæreres ansvar, integritet og motstand*. Fagbokforlaget.
- Sand, S. (2016) *ulikhet og fellesskap: flerkulturell pedagogikk i barnehagen* (2.utgåve). Oplandske bokforlag.
- Sando, S. (2022). Fra nysgjerrighet til vitenskap. I H. Jæger. (Red.), *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen* (2. utgåve, s. 66-92). Cappelen Damm Akademisk.
- Skoglund, R. I. (2012). Anerkjennende samarbeid mellom barnehage og foreldre – en solidarisk kamp for barnas beste. I R. I. Skoglund & I. Åmot (Red.), *Anerkjennelsens kompleksitet i barnehage og skole* (s. 183-201). Universitetsforlaget.
- Strømme, L. M. L. (2023). *Normalitet i barnehagen*. Universitetsforlaget.
- Åmot, I. & Skoglund, R. I. (2012). Anerkjennelsens kompleksitet i pedagogiske institusjoner. I R. I. Skoglund & I. Åmot (Red.), *Anerkjennelsens kompleksitet i barnehage og skole* (s. 17-37). Universitetsforlaget.

Vedlegg 1

Intervjuguide

“Kva ynskjer har barnehagelæraren for arbeid med mangfald i barnehagen?”

Oppvarmingsspørsmål

- Kor lenge har du jobba som barnehagelærar?
- Kva var vegen din inn i barnehagen?

Omgrepsforståing

- Kva legg du i omgrepet mangfald?
- Kan du beskrive ei mangfaldig barnegruppe? (Kva opplever du som ei standard barnegruppe?)
- Korleis kan man for eksempel forstå at enkelte oppfatningar om kva som er eit “riktig” familieliv i eit “normalt” foreldreskap dominerer over andre?

Praksis-erfaring-liknande

- Kva erfaring har du med mangfald i barnehagen?
- Vil du dele ei oppleveling knytt til mangfald i barnehagen?

Vedlegg 2

Vil du delta i undersøkinga til bachelorprosjektet

«kva ynskjer har barnehagelæraren for arbeid med mangfold i barnehagen?»

Føremål

Vi heiter Line Meinert Odland og Ida Storhaug Fotland og studerer barnehagelærarutdanning ved Høgskulen på Vestlandet, campus Stord. Denne våren arbeider vi med bachelorprosjektet vårt, der føremålet er å undersøke kompetanse for mangfold og mangfaldsforståing i barnehagen. Problemstillinga vår er *Korleis forstår barnehagelærarar omgrepet mangfold?* Dette informasjonsskrivet er eit spørsmål til deg om å delta som informant i bachelorprosjektet vårt, og inneholder informasjon om prosjektet og kva deltakinga di vil innebere for deg.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Fokuset i denne bacheloroppgåva er å ta for seg barnehagelærarane sitt ynskje om arbeid med mangfold i barnehagen. Utvalet er trekt med utgangspunkt i at informantane (3) er profesjonsutdanna barnehagelærarar/pedagogiske leiarar som arbeider i same barnehage, men på ulike avdelingar. Fire ulike barnehagar får denne førespurnaden om å delta.

Kva inneber det for deg å delta?

Dersom du ynskjer å delta som informant i bachelorprosjektet, inneber dette at du deltek i eit fokusgruppeintervju saman med to andre barnehagelærarar/pedagogiske leiarar frå barnehagen din og oss studentar. Det vil ta om lag 30-45 minuttar. Vi ynskjer at det krev minst mogleg av deg, og avtalar gjerne å møtast på eit tidspunkt/stad som passar din timeplan. Vi vil i hovudsak stille spørsmål knytt til di profesjonsutøving og din pedagogiske praksis. Informasjon om deg vert anonymisert i oppgåva, og vil ikkje kunne sporast tilbake.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst innan gitt frist, trekke samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli

sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til føremålet vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandler opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Undersøkinga vil ikkje samla inn personopplysingar, og datamateriale vil bli anonymisert, slik at ingen deltarar kan kjennast att i den endelige oppgåva. For å sikre at uvedkomande ikkje får tilgang til personopplysingane vil vi erstatte namn med kodar/fiktive namn. Deltakarane vil ikkje kunne kjennast att i publikasjonen.

Desse opplysingane vil bli publisert:

- Refleksjonar og utsegn frå intervjuet

Personar ved HVL som vil ha tilgang til opplysingane dine:

- Marit Frimannslund (rettleiar)
- Line Meinert Odland (student)
- Ida Storhaug Fotland (student)

Prosjektet vil ikkje behandla personopplysningar

Prosjektet vil ikkje innhenta og behandla personopplysingar. Prosjektet vil etter planen avsluttast 25.mai. Eventuelt trekk av samtykke for deltaking, må gjerast innan denne datoен.

Dersom du har spørsmål til studien, ta kontakt med:

Høgskulen på Vestlandet ved

Line Meinert Odland 45430016 / 591165@stud.hvl.no / student

Ida Storhaug Fotland 41428140 / 591154@stud.hvl.no / student

Marit Frimannslund +47 53 49 14 37 / marit.frimannslund@hvl.no / høgskulelektor

Venleg helsing

Marit Frimannslund

Prosjektansvarleg

Line Meinert Odland & Ida Storhaug Fotland

Studentar

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet “*kva ynskjer har barnehagelæraren for arbeid om mangfald i barnehagen?*”, og eg:

- Samtykker til å delta i prosjektet
- Samtykker ikkje til å delta i prosjektet

Eg samtykker til å delta i fokusgruppeintervju og til at opplysingane mine kan handsamast fram til prosjektet er avslutta:

- Ja
- Nei

NB! Prosjektet skal ikkje handsama personopplysningar, og informasjonsskrivet skal difor ikkje signerast!